

Spørsmål til fylkestinget, 14.-15.mars 2023

Frist for å sende inn spørsmål: Mandag 13.mars, kl 0900

Oversikt over mottekne spørsmål

| Nr. | Avsendar spørsmål | Tema |
|-----|--------------------------------|--|
| 1. | Pauline Tomren (MDG) | Tenk globalt, ferier lokalt - reis kollektivt i heile fylket til prisen for 1 sone om sommaren |
| 2. | Jeanette Onarheim Syversen (R) | Vendespor for bybanen i Bergen |
| 3. | Terje Kollbotn (R) | Vestlandshuset |

MOTTEKNE SPØRSMÅL

1. Pauline Tomren (MDG); om tenk globalt, ferier lokalt – reis kollektiv i heile fylket til prisen for sone 1 om sommaren

Tenk globalt, ferier lokalt - reis kollektivt i heile fylket til prisen for 1 sone om sommaren

Under koronapandemien fekk vi ein stor nedgang i tal kollektivreisande, som har tatt lang tid å få opp og gå igjen. Samtidig var sommaren 2020 eit år kor mange fekk opp auga for at reiser i Noreg kan skape minst like fine minner som ein utanlandstur.

Viss vi skal nå klimamåla til fylket treng vi å få fleire til å velje klimavenleg ved å ta val som fører til minst mogleg klimagassutslepp. Dersom fleire vel å reise lokalt og kollektivt i ferien, kan vi kanskje få fleire til å reise ut til byer og bygder i fylket. Dette vil kunne støtte opp under lokalt næringsliv, og fremje vestlandskutlur i tråd med berekraftig verdiskaping og temaplan for reiseliv.

Ikkje minst kan lokale reiser vere billigare for mange, dersom vi gjer det enkelt og rimeleg å reise, og gjere god ferieminne tilgjengeleg for fleire.

Når sommarrutene trer inn og reisevanane våre endrar seg frå det normale, kan det vere interessant å teste ut moglege alternative løysingar for kollektivbillett for å nå ut til både dei som reiser med buss tog- båt og bybane til vanleg, og dei som kanskje kan lokkast til å reise kollektivt i større grad.

Derfor har eg følgande spørsmål til fylkesordføraren;

1. Kva vil det koste å innføre månadsbillett for alle soner i Vestland til prisen av ein sone ein valfri måned i tidsrommet juni-august?
2. Kva vil det koste å innføre ein månadsbillett for alle kollektiv soner i juli måned til prisen av ein sone?
3. Har Skyss kapasitet til å gjennomføre ei prøveordning med eit av alternativa som nemnt ovanfor i 2023 og/eller 2024?

Svar frå fylkesordføraren

Spørsmåla fra representanten Pauline Tomren krev ein del berekningar, og vil derfor ikkje vere mogleg å svare på til dette fylkestinget. Fylkesordføraren legg til grunn at svaret vert lagt fram på møte i hovudutval for samferdsel og mobilitet, 21.mars 2023.

2. Jeanette Onarheim Syversen (R); om vendesport for bybanen i Bergen

Vestland fylkeskommune peikte allereie i brev 10.12.2021 til Bergen kommune på at batteridrift av bybanen langs Bryggen skapte trong for eit vendespor i sentrum: "Me tilrår også at arbeidet med vending i sentrum vert starta opp no slik at planforslaget kan ferdigstillast samstundes med reguleringsplan for Bybanen til Åsane". I fråsegnen som Fylkestinget vedtok 14.12.2022 til framlegg til reguleringsplan for Bybanen Byggetrinn 5 til Åsane, vart det purra på at planlegginga av vendespor måtte komme i gang snarast: "Vestland fylkeskommune ber om at arbeid med å planlegge og bygge vendespor i sentrum vert sett i gang snarast". Torsdag 23. februar la byrådet i Bergen ut til høyring "Kommunedelplan for kollektivsystemet mellom Bergen sentrum og Bergen vest". I saksframstillinga si gjer byråden i Bergen no framlegg om at dette vendesporet, som er ein konsekvens av krav i Byggetrinn 5 om batteridrift, vert dytta inn i Byggetrinn 6 som gjeld bybane til Dokken og Bergen vest. Effekten av dette er at kostnadane med vendesporet ikkje vert knytt til Byggetrinn 5, som har forårsaka trongen for vendesporet, men vert putta inn i kostnadane til Byggetrinn 6. Sjølv sagt vil vendesporet, som burde stå klart når bybanen framfor Bryggen vert sett i gang, då bli forseinka på ubestemt tid. Byråden i Bergen skriv i saksframstillinga si: "Byråden viser til at en bybaneutbygging i Bergen vest ligger et stykke fram i tid, og at det er mye planarbeid og utredninger som må på plass før det foreslåtte kollektivsystemet kan realiseres. Samtidig skal kommunedelplanen sikre mulighet for kontinuerlig utbygging av Bybanen etter at Åsanelinjen er ferdig." Eit viktig poeng for fylkeskommunen er at eit vendespor i sentrum "vil kunne redusere antall vogner som fylkeskommunen i første fase må tilrettelegge for batteridrift", siert frå byråden si saksframstilling. Det vil gjere investeringa mindre.

Spørsmål til fylkesordføraren:

Fylkestinget vedtok 14.12.2022 at "Vestland fylkeskommune ber om at arbeid med å planlegge og bygge vendespor i sentrum vert sett i gang snarast".

- Korleis ser Fylkesordførar på at byråden i Bergen legg opp til at vendesporet skal verte utsett på ubestemt tid som ein del av Byggetrinn 6 av bybanen i Bergen?
- Vil Fylkesordførar ta initiativ andsynes Bergen kommune for at Fylkestinget sitt vedtak skal verte følgt opp av Bergen kommune

Svar frå fylkesordføraren

Vestland fylkeskommune har vore og er i dialog med Bergen kommune knytt til vendespor i sentrum. Eit midlertidig vendespor kan vera ein god driftsløysing fram til byggetrinn 6 er avklara.

3. Terje Kollbotn (R); om Vestlandshuset

Det nye fylkesbygget Vestlandshuset vart høgtideleg opna 8.mars. Her er noen spørsmål i samband med dette:

1. Kor stor del av bygget er tatt i bruk for å dekkje egne behov, kor stor del er leigd ut og kva er avtalte leigeinntekter pr. måned so langt?
2. Leiger fylkeskommunen framleis bygg av private og kva er i so fall leigeutgifter pr. måned?
3. Fylkestinget har vedtatt at alt reinhald i Vestlandshuset skal skje i eigen regi, med egne fast tilsette, fortrinnsvis i heile stillingar. I kva grad og korleis er dette gjennomført til no?

Svar frå fylkesordføraren

Fylkesordføraren kan opplyse følgjande:

1. Om lag 55% av bygget vil bli nytta av Vestland fylkeskommune. Med unntak av ein etasje i nordre tårn er det inngått avtalar om utleige av resterande kontorareal til eksterne leigetakarar. For den siste ledige etasjen er det gjeve tilbud til aktuell leigetakar, men formell avtale er ikkje inngått pt. Når det gjeld næringslokala i 1. etasje vert det arbeidd vidare med tilpassing og innretting av desse.

Samla leigeinntekter vil bli noko over 20 mill. kr i året når alt er eigd ut, dvs. rundt 1,7 mill. kr per måned. Så langt er det signert leigeavtalar for om lag 18 mill. kr, som svarar til rundt 1,5 mill. kr per måned.

2. Som del av vald organisering ved fylkessamanslåinga, vart rettleiingstenesta flytta ut av lokala til administrasjonen i Bergen. Då det ikkje var tilgjengeleg kontorareal ved skulane i Bergen, vart det inngått avtale om å leige lokale i Wigandgården for rettleiingstenesta. Det blir no sett på om tenesta kan flyttast inn i Vestlandshuset saman med resten av avdeling for opplæring og kompetanse.

Årlege leigeutgifter i Wigandgården utgjer ca. 1 mill. kr, dvs. rundt 80.000 kr per måned.

3. Eigedomsavdelinga har følgd opp vedtaket i fylkestinget. Til no er det tilsett tre nye reinhaldarar i faste, heile stillingar ved Vestlandshuset. Det vert arbeidd vidare med nødvendig rekruttering.